



Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Bø, 19.05.2022

Innspel til arbeid med ny kommunedelplan for Lifjell og uttale til planprogram

Naturvernforbundet i Midt-Telemark vil med dette komme med innspel knytt til planprogram og prosessen knytt til ny kommunedelplan for Lifjell. Forslaget til planprogram som no er til offentlig ettersyn inneheld mange av dei momenta Naturvernforbundet synest er viktige, men me vil likevel kommentere enkelte aspekt som etter vår meining i for liten grad er vektlagt.

For det første meiner me dokumentet i betydeleg sterkare grad må vektleggje konsekvensane av arealinngrep for naturmangfald. I det noverande utkastet framstår denne problemstillinga perifer sett opp mot andre problemstillingar som beiteforhold og klimapåverknad. Dersom ein ny Lifjell-plan skal harmonere med naturprioriteringane fastsett i kommuneplanen generelt, må samanhengen mellom arealbruk og naturmangfald takast opp eksplisitt og i noko lengde (eksempelvis med same omfang som beiteproblematikken). I det vidare planarbeidet må intakte naturområde sjåast i samanheng med kvarandre, og tilstanden for natur på Lifjell må vurderast på eit overordna nivå, ikkje berre knytt til enkeltsaker.

Planprogrammet bør også oppmode til fastsetting av såkalla markagrenser, slik at ikkje «endelaus» utviding av fritidsbustader og inngripande infrastruktur takast for gitt. Innbyggjarane i kommunen, som har stor glede av Lifjell som tur- og rekreasjonsområde, fortener ein debatt om kor ei endeleg utbyggingsgrense skal gå. Intakt natur og landskap på Lifjell har stor verdi for turfolk i heile regionen, og treng slik sett ikkje vera i motstrid til Lifjell som turistdestinasjon. Naturvernforbundet støtter opprettinga av ei endeleg utbyggingsgrense.

Når det gjeld eventuelle nye bygge- og anleggsområde bør planprogrammet leggje føringar for landskapsomsyn og terrengtilpassing. Planprogrammet bør formulere eit «skånsamheitsprinsipp» knytt til tyngre tekniske inngrep, slik at ein til dømes unngår unødvendig sprenging og fylling av masser. Dessutan bør det stillast krav til dimensjonering og estetisk utforming av nye fritidsbustader, slik at desse ikkje blir for ruvande og skjemma i landskapet.

Naturvernforbundet forventar vidare ei streng oppfylling av målsettinga i kommuneplanens arealdel om at bygging av nye fritidsbustader skal skje ved fortetting og i tilknytning til

eksisterande område for fritidsbustader. Planprogrammet bør fastsette at det I planarbeidet skal definerast nærare kva «fortetting og i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustader» betyr i høve til Lifjell. Naturvernforbundet forventar at det leggjast til grunn ei streng forståing av dette.

Framlagt planprogram tek også opp dei areala som i dag er sett av til utvikling av vintersportanlegg, og stiller spørsmål ved om dei avsette areala i dag er for omfangsrike. Naturvernforbundet er glade for at denne problematikken belyst, og er sjølv av oppfatning om at gjeldande arealdisponeringar verkeleg er for omfangsrike. Me vil presisere at tiltak knytt til vintersportanlegg kan vera svært inngripande og arealkrevjande.

For Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Hans Christian Deilhaug

Dag Steinar Ragvin